



Elevar i 10. klasse i Møre og Romsdal

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		2018/666 - 72033/2021	Jorunn Sølvsberg, 71 28 02 56	04.06.2021

Skoleskyss - informasjon til elevar ved vidaregåande skole

Så snart du har takka ja til skoleplass

- kan du søke om skoleskyss om avstanden er over 6 km til skolen
- søk på skoleskyss gjennom SKOLESKYSSPORTALEN (<https://skoleskyss.mrfylke.no>)

Det er eleven sjølv som må søke, føresette kan ikkje søkje på vegne av sine barn. Du skal nytte MinID ved innlogging. Etter at søknad er sendt, kan du logge deg inn og sjå status på søknaden, sende ny søknad ved flytting eller ved bytte til anna skole. Du må søkje årleg.

Skoleskysskort

Når du vert innvilga skoleskyss for første gang, vil du få utlevert skoleskysskort på skolen. Om du alt har skoleskysskort, vert dette oppdatert automatisk. Dette er eit elektronisk reisekort som skal registrerast ved kvar påstiging. Ta godt vare på skoleskysskortet, dette skal nyttast alle åra du har rett til gratis skoleskyss, både i grunnskole og vidaregåande skole. Ved feil på kortet, eller ved tap av kortet, ta kontakt med skole. For nærare informasjon om skoleskysskort, sjå link på neste side.

Skyssrett

Elevar i vidaregåande skole har rett til gratis skoleskyss når avstanden mellom bustad/hybel og vidaregåande skole er over 6 km.

- elevar som bur på hybel vil ikkje ha rett til fri skyss til folkeregistrert adresse
- ved delt bustad kan barn ha rett til skoleskyss til to adresser
- elevar med funksjonshemming kan ha rett tilrettelegging uavhengig av avstand
- på strekningar utan kollektivtilbod kan eleven søkje om køyregodtgjering

Elevar med behov for tilrettelagt skoleskyss må levere lege/sakkunnigerklæring direkte til sin skole. Den vidaregåande skolen registrera søknaden med vedlegg i skoleskyssportalen. Dette må gjerast så fort eleven har blitt tildelt plass ved skolen.

Publikumskart

Før du søker om skoleskyss kan du sjekke avstanden mellom bustad/hybel på <https://skoleskyss.mrfylke.no/Public/Map>

Din vidaregåande skole kan hjelpe deg dersom du treng hjelp med søknaden.

På Møre og Romsdal fylkeskommune si nettside (<https://mrfylke.no/skoleskyss>) finn du meir informasjon om skoleskyss. Her vil du også finne skjema for lege/sakkunnigerklæring og delt bustad.

Med helsing

Jesper Wiig
Seksjonsleiar - drift

Jorunn Sølvsberg
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur